



- Eg har drøymt om å bli journalist sidan eg var lita, seier Mona Vetthus.

Det sjette praktikantkullet er no i gang ved Nynorsk mediesenter. Denne gongen er det eit reint jentekull på fem som har starta på yrkesvegen mot ei journalistkarriere og ei av dei er Mona Vetthus frå Uskedalen. Dei andre er frå Sotra, Kviteseid, Verdalen og Førde.

I seks månadar framover skal dei gjennom harde økter for å lære seg journalistikk for radio, fjernsyn og Internett. – Eg er spesielt glad for at vi har fått inn talent frå Verdalen i Nord-Trøndelag og Kviteseid i Telemark, der nynorsken treng gode føredøme i etermedia, seier leiar Magni Øvrebotten i Nynorsk mediesenter. Det var 46 søkjarar til dei fem plassane, berre 13 søkjarar var gutar.

Mona, som er fødd i 1975, held på med mastergraden i litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen. Ho har elles gått forfattarstudiet ved Høgskulen i Telemark, ho har grunnfag i engelsk frå Universitetet i Groningen i Nederland, franskurs frå Alliance Francaise, Toulouse i Frankrike og grunnfag i psykologi og litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen.

Mona er glad i lyrikk og har vore aktiv i redaksjonen til det litterære tidsskriftet Prosopopeia i Bergen. Ho har fått på trykk litterære tekstar i fleire større aviser, og i Cappelen sin antologi *Signaler 2006*. Ho fekk Kvinnherad kommune sitt kulturstipend på 35.000 kroner for 2006.

- Eg er glad i å fortelja og har drøymt om å bli journalist frå eg var lita, seier Mona Vetthus.

Av Geirmund Henjum